



STORTINGET

Innst. 144 S

(2022–2023)

Innstilling til Stortinget
frå kontroll- og konstitusjonskomiteen

Dokument 12:14 (2019–2020)

Innstilling frå kontroll- og konstitusjonskomiteen om Grunnlovsforslag fra Audun Lysbakken og Freddy André Øvstegård om endring i § 68 (om at Stortinget trer sammen tidligere)

Til Stortinget

Samandrag

Grunnlovsforslag 14 (2019–2020) er fremsatt av Audun Lysbakken og Freddy André Øvstegård og gjelder endring i § 68 om at Stortinget trer sammen tidligere.

Stortinget trer hvert år sammen til ny sesjon den første virkedagen (inkludert lørdag) i oktober måned, slik det er slått fast i Grunnloven § 68:

«Stortinget trer sammen i alminnelighet den første hverdag i oktober måned hvert år.»

I dette forslaget foreslås det å endre Grunnloven slik at Stortinget trer sammen første virkedag i september, altså én måned tidligere enn i dag. Siden det er stortingsvalg i september hvert fjerde år, foreslås det at denne endringen ikke skal gjelde de årene det er stortingsvalg. Da skal Stortinget tre sammen på første virkedag i oktober, som i dag.

Behov for endring

Forslagsstillerne viser til at mange representanter velger å bruke sommerpausen til gagns virksomhet, som å besøke sine fylker og lokallag, besøke bedrifter og skoler eller ta sommerarbeid. Samtidig har Stortinget behov for en mer jevn fordeling av arbeidsmengden

knyttet til saksbehandlingen i Stortinget. I dag er det slik at arbeidsmengden før jul og før sommeravslutningen ofte er ganske høy, med møter til langt over midnatt. En ordning med en noe lengre sesjon vil ifølge forslagsstillerne forhåpentligvis dermed kunne bidra til en noe jevnere arbeidsmengde i året sett under ett.

Forslagsstillerne viser til at den lange perioden hvor Stortinget ikke er samlet, gir utfordringer for Stortingets kontroll med regjeringen og for nødvendig stortingsbehandling av saker som haster. Stortinget kan, når det ikke er samlet, etter Grunnloven § 69 sammenkalles av Kongen dersom hen finner det nødvendig. Etter Grunnloven § 80 forblir Stortinget samlet så lenge det finner det nødvendig, og kan igjen samles for å gjenoppta forhandlingene frem til senest siste hverdag i september. Likevel er den lange perioden fra Stortingets forretninger er tilendekommet i juni til Stortinget igjen trer sammen første virkedag i oktober problematisk, da terskelen i praksis er høy for å sammenkalle Stortinget i denne perioden. Dette gjelder både nødvendig behandling av saker som haster, og Stortingets løpende kontroll med regjeringen.

Under situasjonen med utbrudd av covid-19 i 2020 ble denne problemstillingen gjeldende med innføringen av midlertidig lov om forskriftshjemmel for å avhjelpe konsekvenser av utbrudd av covid-19 mv. (koronaloven) samt utstrakt brukt av smittevernloven § 7-12.

Hensynet til løpende kontroll med regjeringen og en politisk debatt på mest mulig likefot mellom regjering og opposisjon på Stortinget tilsier ifølge forslagsstillerne at Stortinget bør ha møter i en så stor del av året som mulig.

Andre praktiske konsekvenser

Den viktigste innvendingen mot å samle Stortinget tidligere enn første virkedag i oktober er at stortingsvalg avholdes andre eller tredje mandag i september (hvert fjerde år). Perioden fra valgdagen til første virkedag i oktober måned synes som en rimelig tid for å kontrolltelle stemmer og kvalitetssikre gjennomføringen av stortingsvalget. Forslaget bør derfor ta hensyn til at i de årene hvor det er stortingsvalg, bør Stortinget samles på samme tidspunkt som i dag, det vil si første virkedag i oktober. Dette er ivare tatt i forslaget.

En annen praktisk konsekvens vil være at man måtte justere dagens praksis med at Stortingets høytidelige åpning i dag sammenfaller i tid med kongens trontale og regjeringens budsjettframleggelse. Dette er imidlertid ikke en uoverstigelig innvending. En framskynding av Stortingets høytidelige åpning ville på den ene siden bety at man vil foretrekke å framskynde trontalen og budsjettframleggelsen tilsvarende. Det vil ha noen praktiske, men ikke uoverstigelige, konsekvenser for regjeringens budsjettarbeid.

Forslagsstillerne viser til at på den annen side ville en slik løsning kunne bidra positivt til å skille i tid trontalen, som er regjeringens visjoner for det kommende året, og budsjettframleggelsen, som er regjeringens budsjettmessige konkretisering av sine visjoner. Et slikt skille i tid vil ifølge forslagsstillerne være positivt fordi det vil tydeliggjøre det skillet som i dag er utydelig mellom de to.

Som en konsekvens av å endre Grunnloven § 68 må også § 80 endres, som omtaler hvor lenge en sesjon kan vare (før den nye begynner).

Siden det i inneværende periode også fremmes forslag om å innføre republikk og avvikle det arvelige monarkiet, til behandling i perioden 2021–2025, fremmes dette forslaget til endring av § 68 i tre alternativer, tilpasset ulike mulige utfall av behandlingen av forslaget om republikk.

Forslagsstillerne fremmer følgende forslag:

«Alternativ 1:

§ 68 skal lyde:

Stortinget trer sammen i alminnelighet den første hverdag i september måned hvert år i rikets hovedstad, med mindre kongen på grunn av overordentlige omstendigheter, for eksempel fiendtlig innfall eller smittsom syke, velger en annen by i riket. En slik bestemmelse må da betimelig bekjentgjøres.

–

Stortinget kjem i regelen saman i hovudstaden den fyrste kvardagen i september kvart år, om ikkje kongen på grunn av usedvanlege omstende, så som fiendsleg åtak eller smittsam sjukdom, vel ein annan by i riket. Ei slik avgjerd må gjerast kjend i tide.

Alternativ 2:

§ 68 skal lyde:

Stortinget trer sammen i alminnelighet den første hverdag i september måned hvert år i rikets hovedstad, med mindre regjeringen på grunn av overordentlige omstendigheter, for eksempel fiendtlig innfall eller smittsom syke, velger en annen by i riket. En slik bestemmelse må da betimelig bekjentgjøres.

–

Stortinget kjem i regelen saman i hovudstaden den fyrste kvardagen i september kvart år, om ikkje regjeringa på grunn av usedvanlege omstende, så som fiendsleg åtak eller smittsam sjukdom, vel ein annan by i riket. Ei slik avgjerd må gjerast kjend i tide.

Alternativ 3:

§ 68 skal lyde:

Stortinget trer sammen i alminnelighet den første hverdag i september måned hvert år i rikets hovedstad, med mindre presidenten på grunn av overordentlige omstendigheter, for eksempel fiendtlig innfall eller smittsom syke, velger en annen by i riket. En slik bestemmelse må da betimelig bekjentgjøres.

–

Stortinget kjem i regelen saman i hovudstaden den fyrste kvardagen i september kvart år, om ikkje presidenten på grunn av usedvanlege omstende, så som fiendsleg åtak eller smittsam sjukdom, vel ein annan by i riket. Ei slik avgjerd må gjerast kjend i tide.

§ 80 annet ledd skal lyde:

I overensstemmelse med Stortingets forretningsorden kan forhandlingene gjenopptas, men de opphører senest siste hverdag i august måned. På det siste storting før et stortingsvalg opphører forhandlingene likevel siste hverdag i september måned.

–

I samsvar med reglar i den ordenen Stortinget har vedteke, kan forhandlingane takast opp att, men dei blir avslutta seinast siste kvardagen i august. På det siste stortinget før eit stortingsval blir forhandlingane likevel avslutta siste kvardagen i september.»

Merknader frå komiteen

Komiteen, medlemene frå Arbeidarpartiet, Even Eriksen, Kari Henriksen og Lubna Boby Jaffery, frå Høgre, leiaren Peter Frølich og Svein Harberg, frå Senterpartiet, Nils T. Bjørke, frå Framstegspartiet, Lars Rem, frå Sosialistisk Venstreparti, Audun Lysbakken, frå Raudt, Seher Aydar, og frå Venstre, Grunde Almeland,

viser til at dette er eit framlegg om å endre Grunnlova slik at Stortinget trer saman den første virkedagen i september, ein måned tidlegare enn i dag. Sidan det er stortingsval i september kvart fjerde år, inneber framlegget at denne endringa ikkje skal gjelde dei åra det er stortingsval. Då skal Stortinget tre saman på den første virkedagen i oktober, som i dag.

Komiteen viser til at grunngevinga for framlegget er at den lange perioden der Stortinget ikkje er samla, gjev utfordringar for Stortingets kontroll med regjeringa og for naudsynt stortingshandsaming av saker som hastar. Grunngevinga er vidare at Stortinget treng meir jamn fordeling av arbeidsmengda knytt til saksandsaming.

Fleirtalet i komiteen, medlemene frå Arbeidarpartiet, Høgre, Senterpartiet og Framstegspartiet, meiner Stortinget har synt at det kan halde ekstraordinære møte når det trengst. Stortinget klarar difor å handsame saker som hastar, og kontrollfunksjonen er tilstrekkeleg sikra. Fleirtalet legg òg vekt på at representantane har trong til å opphalde seg i valkretsane sine og til å drive politisk arbeid utanfor stortingsbygget.

Fleirtalet legg vekt på at det er ein god parlamentarisk tradisjon at Stortingets høgtidelege opning fell saman i tid med kongen si trontale og budsjettframlegget frå regjeringa. Denne tradisjonen bør halde fram.

Fleirtalet ser difor ikkje grunn til å endre tidspunktet for når Stortinget trer saman.

På dette grunnlaget tilrår fleirtalet å ikkje samtykkje i forslaget.

Medlemene i komiteen frå Sosialistisk Venstreparti, Raudt og Venstre syner til at ei ordning med lengre sesjon kan medverke til ei jamnare arbeidsmengd, i året sett under eitt. Desse medlemene syner til at det aller viktigaste likevel er at den lange perioden Stortinget ikkje er samla, gir utfordringar for Stortinget sin kontroll med regjeringa og for naudsynt stortingsbehandling av saker som hastar. Desse medlemene syner til at Stortinget, når det ikkje er samla, etter Grunnlova § 69 kan kallast saman av kongen dersom han finn det naudsynt. Omsynet til laupande kontroll med regjeringa og ein politisk debatt på mest mogleg like fot mellom regjering og opposisjon på Stortinget tilseier trass i dette at Stortinget bør ha møte i ein så stor del av året som mogleg.

Desse medlemene syner til at ei innvending mot å samle Stortinget tidlegare enn fyrste verkedag i oktober er at stortingsvalet vert halde andre eller tredje måndagen i september (kvart fjerde år). Perioden frå valdagen til fyrste verkedag i oktober månad synest som

ei rimeleg tid for å kontrolltelje stemmer og kvalitets-sikre gjennomføringa av stortingsvalet. Forslaget bør difor ta omsyn til at i dei åra det er stortingsval, bør Stortinget samlast på same tidspunkt som i dag, det vil seie første verkedagen i oktober. Dette er varetatt i forslaget.

Desse medlemene merkar seg vidare at ei innvending er at det er parlamentarisk tradisjon at den høgtidelege opninga fell saman i tid med kongen si trontale og regjeringa sitt budsjettframlegg. Ei framskunding av Stortinget si høgtidelege opning ville på den eine sida bety at ein ville føretrekke å framskundeframlegget tilsvarende. Det vil ha nokre praktiske, men ikkje store, konsekvensar for regjeringa sitt budsjettarbeid. På den andre sida ville ei slik løysing kunne medverke positivt til å skilje tida mellom trontala, som er regjeringa sine visjonar for det komande året, og budsjettframlegget, som er regjeringa si budsjettmessige konkretisering av sine visjonar. Eit slikt skilje i tid vil vere positivt fordi det vil tydeleggjere skiljet som i dag er utydeleg mellom dei to.

På denne bakgrunnen anbefaler desse medlemene at Grunnlovsforslag 14 (2019–2020), alternativ 1, vert vedteke, slik at § 68 skal lyde:

«Stortinget trer sammen i alminnelighet den første hverdag i september måned hvert år i rikets hovedstad, med mindre kongen på grunn av overordentlige omstendigheter, for eksempel fiendtlig innfall eller smittsom syke, velger en annen by i riket. En slik bestemmelse må da betimelig bekjentgjøres.

–

Stortinget kjem i regelen saman i hovudstaden den fyrste kvardagen i september kvart år, om ikkje kongen på grunn av usedvanlege omstende, så som fiendsleg åtak eller smittsam sjukdom, vel ein annan by i riket. Ei slik avgjerd må gjerast kjend i tide.»

Forslag frå mindretal

Forslag frå Sosialistisk Venstreparti, Raudt og Venstre:

Forslag 1

Dokument 12:14 (2019–2020) – Grunnlovsforslag fra Audun Lysbakken og Freddy André Øvstegård om endring i § 68 (om at Stortinget trer sammen tidligere) – alternativ 1 – vert vedteke.

Tilråding frå komiteen

Komiteen har elles ingen merknader, viser til grunnlovsforslaget og rår Stortinget til å gjere følgjande

vedtak:

Dokument 12:14 (2019–2020) – Grunnlovsforslag fra Audun Lysbakken og Freddy André Øvstegård om endring i § 68 (om at Stortinget trer sammen tidligere) – alle alternativ – vert ikkje vedteke.

Oslo, i kontroll- og konstitusjonskomiteen, den 20. desember 2022

Peter Frølich

leiar

Nils T. Bjørke

ordførar